



Uskedal Vassverk sender i desse dagar ut informasjon og ny prisliste for vassavgifta i åra framover.

Det foreligg ny prisliste frå Uskedal Vassverk. Overgangen til ei meir differensiert vassavgift vert gjort med bakgrunn i vedtak på årsmøte 8. mai 2019. Den gamle prislista inneheld prisgrupper som ikkje dekkar dagens behov. Informasjon og ny prisliste vert sendt pr. post til alle abonnentane i desse dagar. Les kva styret skriv:

Vi har etter samråd med kommunen innført ei prisgruppe 100 for bustader under 80 m², og leilegheiter under 80 m². I denne gruppa finn ein også utleigeleilegheit i eigen bustad, kårhus, fritidshus, hytter, naust, hyttenaust og vasspost ute.

I prisgruppe 200 kjem alle bustader over 81 m², også leilegheiter over 81 m².



Bilete syner dagens vassbehandlingsanlegg i Eikeelva.

Det er verd å merka seg at abonnentar i gruppe 100 og 200, som har naust eller utleigekontor, har fått ei eiga gruppe 300 for naustet eller utleigekontoret.

Som ein ser, så vil nokon få lågare avgift medan andre vil få ein auke. Som dokumentasjon for om bustaden er under 80 m², så må vi be om å få tilsendt teikningar eller oppmåling utført av kommunen i samband med innføring av eigedomskatt. Når det gjeld om huset vert definert som fritidshus, så må matrikkelen til eigdommen leggjast til grunn. Her står det kva husværet er registrert som.

Den enkelte abonnent må sjølv undersøkje dette før dei tek kontakt med vassverket, så skal vi retta opp fakturaen som no er sendt ut.

Når det gjeld arealet bygningen skal reknast ut etter, så nyttar ein bruksareal – BRA . Dette er innvendig areal frå innsida av yttervegg. Areal der takhøgda er lågare enn 1.9 meter vert ikkje rekna med.

Dette kan synast noko omstendelig, men vassverket har ikkje denne informasjonen. Vi bed derfor om at den enkelte abonnent tek kontakt, så skal vi få dette retta opp, dersom det er feil fakturabeløp.

Vi har retta dei abonnentar vi kjenner til og som alt har vore i kontakt med oss. Det er heilt sikkert også andre som skal endrast til gruppe 100.

Under Kartverket og **Se eiendom** på nettet, finn den enkelte opplysningar om sin eigedom.

Vassverket ynskjer også å få til eit betre varslingsssystem når vi f. eks. har leidningsbrot. Vi tek sikte på å få på plass ei varsling med sms i framtida. **Vi treng difor di hjelp til å få registrert det mobilnummeret som det skal varslast til.**

Likeeins vil vi få til ei utsending av faktura med e-post frå neste år av. **Her treng vi også di hjelp til å få registrert ei e-postadresse på det enkelte abonnement.**

Har du spørsmål om korleis du skal gå fram for å finna ut om ditt abonnement er i riktig prisgruppe, kontakt Hans Reidar Kjærland på tlf 997 01 819 eller e-post hr.kjaer@online.no

Når det gjeld mobilnummer og e-postadresse, så kan den sendast til Terje Myklebust på sms til tlf. 958 75 543 eller e-post temyk@online.no

Tekst: Uskedal Vassverk
Foto: Hans Reidar Kjærland/ Kristian Bringedal
Nett: Kristian Bringedal



Høgdebassenget og vassbehandlingsanlegget ligg på Sørstølen på Eik.